

Nordhordland kompetanseregion

for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Referat frå styremøte 03/18, 31.05.18

Møtet fann stad på kommunehuset på Masfjordnes i kommunestyresalen.

Desse møtte: Alf Strand, Olaf Hella, Astrid Brandal Øvsthus, Ragna Midtbø, Reidun Johannessen, Jahn Olav Nordheim og Dina Dyrhovden.

Meldt forfall: Linda Husa og Bodil Boie Brekkan

Etter møtet var det lunch på Sandneskafeen. Styret takka Alf Strand for tida han har vore styreleiar i Nordhordland kompetanseregion.

Referat er sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

27/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak: Sakliste og innkalling er godkjent.

28/18 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 22.03.18

Vedtak: Referat frå møte 22.06.18 vert godkjent.

29/18 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

- Kommunane har motteke brev frå Fylkesmannen, datert 03.05.18, Desentralisert kompetanseutvikling – skule – om midlane for 2018
Styret drøfta saka.

Vedtak: Fylkesmannen vil tildele UH-sektoren kr 200.000,- per skule som deltek i kompetanseutviklingsrekker. NKR har ikkje merknader til dette. Det vert viktig for NKR at me då veit kva me kan forvente av UH-sektoren i høve til tilgjengeleg kompetanse på samlingar og rettleiing til skulane ute på skulane. NKR reknar med at ordninga vert evaluert.

- Analysekompetanse, oppstart hausten 2018. Status.

Ei arbeidsgruppe frå NKR beståande av Astrid Brandal Øvsthus, Linda Husa og koordinator har utforma bestilling. Bestillinga har vore ute på høyring i dei kommunane som skal delta i kompetansehevinga. Bestillinga vart sendt til HVL 19.04.18. (Bestillinga er vedlagt.)

HVL har bede om eit møte med NKR og arbeidsgruppa om dette 15.06.18 kl 10.00-1200. Dette er NKR si første bestilling til UH-sektoren i den nye ordninga med desentralisert kompetanseutvikling. Arbeidsgruppa inviterer heile styret til møtet. Innkalling er sendt i Outlook.

30/18 REGIONAL SKULELEIARSAMLING

Dato for samlinga er endra frå oktober til 01.- 02.11.18.

Olaf og Astrid orienterte frå LED-skolesamlinga i Oslo. Det var i sist møte oppmoda om breiare deltaking frå styret. Det var interessant og det var dyktige førelesarar tilstades. Astrid og Olaf har gjort avtale om eit møte med Ingelin Burkeland, KS 01.06.18 for å drøfte ei skisse.

Styret drøfta saka.

Styret gav følgjande signal for det vidare arbeidet:

- NKR sitt fokus er skuleeigar sitt ansvar for å gje hjelp og støtte til skuleleiar sitt arbeid med å leie læringsarbeidet på sin skule.
- Læreplanfornyninga og framtidens skule er viktige stikkord.
- Det er viktig med skreddersøm og sjå samanhengar.
- Det sosiale og nettverksbygging er viktige faktorar.
- Kommunane må sjølv ta ansvar for generell leiaropplæring.

Vert sett opp som sak på neste styremøte.

31/18 LÆRINGSPLATTFORM

Val av leverandør: IKTNH – NKR har gjort eit val av leverandør: Canvas, Instructure.

Informasjon: Det er utarbeidd eit Informasjonsskriv. Styret gjekk gjennom dette. Tillitvalte sin representant vil skrive eit eige avsnitt. Skrivet vert lagt ved referatet.

Implementering: Det skal utarbeidast ein implementeringsplan for IKTNH-kommunane og skulane. Dette vert koordinert gjennom NKR.

Kurskostnader: Det ligg i avtalen med leverandør at dei skal ha kompetanse tilstades på kurs. NKR dekkar då utgifter til lokale, lunch og kursadministrasjon. Kurskostnad vert sett til kr 250,-. Vert fakturert til kommunane etter gjennomføring.

Prosjektleiing: Erfaring frå andre implementeringsprosjekt syner at det er behov for ein prosjektleiar som tek grep om det vidare arbeidet. Prosjektgruppa antydar 40 - 50 % stilling i implementeringsperioden 01.08.18 – 31.07.19. Det er lufta aktuelle kandidatar og løysingar. Styret bad om at prosjektgruppa gjer avklaringar og kjem med framlegg til organisering og finansiering av ei slik stilling.

IKT-strategi for skulane i IKTNH-samarbeidet: NKR vil setje denne på dagsorden hausten 2018.

GDPR-Databehandlaravtale for Canvas: IKTNH er ikkje ei juridisk eining. Det må utarbeidast databehandlaravtale for kvar kommune. Dette har vore handtert gjennom Arthur Berg Reinertsen i liknande saker.

Vidare arbeid:

Prosjektleiing: Prosjektgruppa gjer avklaringar og kjem med framlegg til organisering og finansiering av ei slik stilling til neste styremøte 22.06.18.

Implementeringsplan: Vert koordinert gjennom NKR.

IKT-strategi: Vert arbeida med hausten 2018.

32/18 SAPT, SYNS - OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE

Frå SAPT møtte leiar Christine Grevstad, koordinator for syn Randi Tengren og koordinator for hørsel Kari Mowatt Haugland.

Syns- og audiopedagogisk teneste er på besøk i alle regionane i Hordland. Det er kommunane som er SAPT sine oppdragsgjevarar. Møtene i regionane er for å få dialog om behova i kommunane og tilbodet SAPT gjev. SAPT kan bidra med kompetanse/kurs på systemnivå og individnivå for brukarar frå 0-100 år.

Det var presentasjon med dialog. Presentasjonen som vart nytte i møtet ligg ved referatet.

Lenke til heimesida til SAPT:

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/synsog-audiopedagogisk-tjeneste>

Oppsummering: Styret takka SAPT for gjennomgangen. Vidare arbeid: Kommunane drøftar internt kva som er behovet og melder dette inn til SAPT. Dersom det er behov for kompetanseheving for mange i fleire kommunar er det mogeleg å koordinere dette i regionen.

33/18 REPRESENTASJON FRÅ LINDÅS KOMMUNE

Ragna Midtbø er Lindås kommune sin representant i styret i NKR. Frå hausten 2018 skal kommunalsjef for oppvekst Kristin Moe vere Lindås sin representant.

34/18 VAL

Etter plan for rullering er det Lindås kommune som står for tur til å ha leiarvervet og Osterøy kommune nestleiarvervet. Leiar og nestleiar vert valt for 2 år og tek til i vervet 01.08.18.

Einstemmig vedtak:

Styreleiar: Kristin Moe

Nestleiar: Astrid Brandal Øvsthus

35/18 SKRIV OG MELDINGAR

- a) DKS: Brev frå Anette Thorsen og Helga Eriksen
- b) Fylkesmannen: Kommunane har motteke Invitasjon til å sende søknad om etterutdanningstiltak for vaksenopplæring, datert 22.05.18. Det kan vere aktuelt å samarbeide om dette i regionen. *Vert sett opp som sak på neste styremøte.*
- c) Olaf Hella orienterte om endringar på fylkesnivå:
Nytt fylkesmannsembete: Frå 01.01.19 vert utdanningsavdelinga hjå fylkemannen endra til Utdannings- og vergemålsavdeling. Dei skal ha lokalitet Bergen og Leikanger. Anne Hjermann vert utdannings- og vergemålsdirektør. Prosess med tilsetjing av seksjonsleiar i Leikanger og i Bergen er starta. Hordaland skal vende seg til Bergenskontoret. Ønsket er at kommunane får veiledning og støtte som vi har hatt. Det vart drøfta ulike samarbeidsforum i nytt fylke. Ein ser for seg å vidareføra samling for barnehagemynd, med møtepunkt i Førde eller Voss. FM er i ferd med å organisere seg.

Vedtak: Styret tek skriv og meldingar til orientering.

36/18 MOGELEGE ANDRE SAKER

Neste møte: 22.06.18. Nestleiar Ragna Midtbø leier dette møtet då Alf Strand har ferie.

Knarvik 06.06.18

Alf Strand
Styreleiar

Dina Dyrhovden
koordinator